



Notat

Dato: 27.03.2019
Arkivsak: 2018/12528-57
Saksbehandlar: stiolse

Til:	Utval for miljø og samferdsel
Frå:	Fylkesrådmann

Vedkommande skuleskyss til elevar i Masfjorden

Utval for opplæring og helse fatta 12.03.2019 vedtak om følgjande oversendingsforslag til utval for miljø og samferdsel:

«Vedkommande skuleskyss til elevar i Masfjorden:

I periodar fram til 29. april 2019 når det kommer ny skuleskyss for elevar frå Masfjorden, foreslår vi at det vert leid inn ein minibuss for desse elevane med avgang kl. 16.00 frå Knarvik, og frå Masfjorden torsdag morgon.»

Med utgangspunkt i dette oversendingsforslaget har Skyss etter dialog med bussoperatør fått framskynda løysinga som var planlagt frå 29. april 2019 til 1. april 2019. Løysinga inneber at skuleelevane, og andre reisande, vil ha moglegheit til å reise frå Knarvik til Haugsvær med avgang frå Knarvik kl.16.07. Reisa inneber to bytter, men Skyss har vurdert at dette likevel er ei betre løysing for elevane gitt reduksjonen i ventetida samanlikna med dagens løysing. Det er ikkje uvanlig at bytter må påreknast for lange reiseavstandar. Ei viktig årsak til at Skyss landa på denne løysinga var at den kunne bli sett i verk med rask verknad.

Skyss arbeider også for å få til ei løysing for å frakte elevane til skulen torsdag morgon på en betydeleg raskare måte enn dagens løysing. Detaljane her er ikkje på plass, men Skyss tar sikte på å ha ei løysing som kan bli sett i verk frå 1. april.

Skuleskyssen kommande år er under planlegging no, og Skyss søker å kunne få på plass ei god heilskapsløysing for skuleskyssen for elevane frå Indre Masfjorden, mellom anna gjennom dialog med Knarvik vidaregåande skule.